

Statsforvaltarens tilråding til
Miljødirektoratet om vern av skog for

Finndalstveitjuvet, Fyresdal

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark,
Juli 2024

Innhold

1. FORSLAG	3
1.1 Heimelsgrunnlag	3
1.2 Verneverdiar, påverknadsfaktorar og effektar av verneforslaget	3
1.3 Andre interesser	5
1.4 Planstatus	5
2. SAKSHANDSAMING.....	5
2.1 Sakshandsamingsprosessar	5
2.2 Konsultasjon med Sametinget og reinbeitedistrikt	5
2.3 Forholdet til utredningsinstruksen	5
2.4 Forvaltningsmyndighet	6
3. VIKTIGE ENDRINGAR UNDER BEHANDLINGA AV VERNEPLANEN	6
3.1 Namn	6
3.2 Avgrensing	6
3.3 Verneforskriftene	6
4. OPPHEVING OG ENDRING AV TIDLEGERE VERNEVEDTAK	6
5. FORVALTNING, ØKONOMISKE OG ADMINISTRATIVE KONSEKVENSAAR	7
5.1 Vurdering av samfunnsnytte og samfunnsøkonomiske konsekvensar.....	7
5.2 Forvaltningsmessige og budsjettmessige konsekvensar	7
5.3 Avveging skogvern – skogbruk.....	7
5.4 Forvaltningsmynde	8
6. Beskriving av området med merknader	8
Finndalstveitjuvet, Fyresdal kommune.....	8

1. FORSLAG

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark tilrår vern av Finndalstveitjuvet naturreservat i medhald av naturmangfoldloven (lov om forvaltning av naturens mangfold). Finndalstveitjuvet er eit nytt naturreservat.

Tilrådinga omfattar 1561 dekar nytt verneareal. Totalt skogareal er 1529 dekar, og av dette er 1156 dekar produktiv skog.

Området som blir foreslått verna, er:

1. Finndalstveitjuvet i Fyresdal kommune, Telemark fylke

1.1 Heimelsgrunnlag

Områda blir foreslått vernet i medhald av naturmangfoldloven § 34 og § 62.

Områda blir foreslått verna som naturreservat, jf. naturmangfoldloven § 37. Vilkåret for å kunne opprette eit naturreservat etter naturmangfoldloven § 37 er at arealet anten inneheld trua, sjeldan eller sårbar natur, representerer ein bestemd naturtype, på annan måte har særleg betydning for biologisk mangfald, utgjer ein spesiell geologisk førekomst eller har særskilt naturvitskapleg verdi.

Naturreservata skal bidra til bevaringsmåla i naturmangfoldloven § 33, mellom anna bokstavane
a (variasjonsbreidda av naturtypar og landskap),
b (artar og genetisk mangfald),
c (trua natur og økologiske funksjonsområde for prioriterte artar).

Verneområda skal bidra til å oppfylle fleire nasjonale mål som:

- *Eit representativt utval av norsk natur skal bevarast for kommande generasjonar.*
- *Økosystema skal ha god tilstand og levere økosystemtjenester.*
- *Ingen trua artar og naturtyper skal utryddast, og utviklinga til truga og nær truga artar og naturtyper skal betras.*

Oppretting av verneområda bidreg til å nå internasjonale mål og forpliktingar, m.a. nedfelte i konvensjonen for biologisk mangfald artikkel 8 om eit samanhengande verneområdenettverk, jf. òg naturmangfoldloven § 33 bokstav g.

Ved å verne desse naturområda mot ulike typar inngrep, gir verneområda også eit positivt bidrag til det nasjonale og internasjonale målet om å stanse tapet av naturmangfald, jf. naturmangfoldloven § 33 bokstav a, b og c.

Områda vil bidra til å oppfylle det nasjonale målet vedtekne av Stortinget om 10 % vern av skog.

1.2 Verneverdiar, påverknadsfaktorar og effektar av verneforslaget

Det foreslåtte verneområdet inkluderer viktige naturtypar og mange trua og nær trua artar.

Vern av områda bidreg til å redusere dei negative effektane av klimaendringane, gjennom å sikre eit nettverk av viktige leveområde for naturmangfaldet i norske økosystem. Det foreslåtte verneområdet har stor variasjon og rikt artsmangfald. Slike område er robuste mot endringar i klimaet og bidreg til langsiktig bevaring av artsmangfaldet og vidareføring av dei økosystemtjenester skogen gir. Vern av områda vil bidra til langsiktig binding av karbon. Det meste av skogen i denne tilrådinga er gammal barskog, som ifølgje rapporten Skogvern som klimatiltak (NINA rapport 752) har det største karbonlageret per arealeining i levande biomasse. Etter figur 1 i den same rapporten kan den gjennomsnittlege karbonmengda i levande biomasse i skog som blir verna, blir estimert til å vere om lag 70 tonn karbon per hektar.

I denne verneplanen er verneverdiane for området knytt til to raudlista naturtypar som vil bidra til å fylle manglar i vernet, samtidig vil dei bidra til å bevare trua og nær trua artar.

Kunnskapsgrunnlaget om naturmangfaldet i verneforslaget er innhenta frå: *Hertzberg, M. og Restad, J. 2021. Naturverdier for lokalitet Finndølajuvet/Finndalstveit, registrert i forbindelse med prosjekt Frivilligvern 2020. NaRIN faktaark. BioFokus.*

Dei viktigaste påverknadsfaktorane på verneverdiane i områda som blir foreslåtte verna er hogst og vasskraft. Vassdraget er allereie regulera. Vern av det foreslåtte området skal gjennom føresegner om slike tiltak sikre areal med viktige vernekvalitetar og bidra til dekning av viktige manglar i skogvernet. Området vil bidra til langsiktig og effektiv bevaring av trua naturtypar og levestad for mange trua artar, og dermed redusere den samla belastninga på artar som har risiko for å dø ut.

Verneforskrifta opnar for at fleire pågåande aktivitetar kan førast vidare. Tiltak som isolert sett vurderast å ha lite å seie for verneformålet, kan i sum og over tid medverke til at verneverdiane ringast. For enkelte aktivitetar vil det derfor i tråd med prinsippa om samla belastning vere restriksjonar, slik at naturverdiane får eit auka vern. Dette er også i tråd med prinsippa om miljøforsvarlege teknikkar og lokalisering, og dessutan miljøringast betalar der det ut frå omsynet til verneverdiane er fastsette føresegner om mellom anna ferdsel og infrastrukturtiltak. Ut frå dagens kunnskap om artar og naturtypar i områda vil dei aktivitetane som i samsvar med verneforskriftene kan førast vidare, med lite grad av sannsyn ha vesentleg negativ innverknad på desse artane, naturtypane og landskapselementa. Vernereglane tillèt likevel ikkje vesentlege inngrep i området.

Statsforvaltaren vurderer det slik at vernet med stor grad av sannsyn vil føre til ei positiv utvikling for artane og naturtypane, jf. naturmangfoldloven §§ 4 og 5. Statsforvaltaren reknar at kunnskapsgrunnlaget er i tråd med kravet i naturmangfoldloven § 8. Statsforvaltaren har ut frå ei føre-var-tilnærming i verneforslaget vektlagt moglegheita for fleire påverkingar av same slag, eller ein kombinasjon av fleire ulike påverknadsfaktorar (samla belastning). Det føreligg elles etter Statsforvaltarens oppfatning tilstrekkeleg kunnskap om naturmangfaldet, påverknadsfaktorar og effekten av vernet. Føre-var-prinsippet blir derfor ikkje tillagt ytterlegare vekt i denne saka.

For nærare beskriving av verneverdiar, påverknadsfaktorar og effektar av verneforslaget, jf. naturmangfoldloven kapittel II, blir det vist til omtale av verneområdet i kapittel 6.

Dersom området ikkje blir verna, vil det vere andre sektorlovar som regulerer arealbruken framover og som skal vareta omsyna til biologisk mangfald.

1.3 Andre interesser

Kraft og energi:

Det går ei kraftlinje sør for verneforslaget.

Verneforslaget ligg i eit regulert vassdrag, Finndøla, mens sjølve elvestrekninga er teke ut av verneforslaget, jf. vernekartet.

Mineral

Det er ikkje registrert mineralførekomstar innanfor verneforslaget ifølgje Direktoratet for mineralforvaltning.

Stiar

Det ligg ein sti innanfor verneforslaget.

Statsforvaltaren kjenner ikkje til andre interesser enn det som er nemnd ovanfor.

1.4 Planstatus

Arealet i dette verneforslaget er avsett som LNFR-område i Fyresdal kommune sin kommuneplan (arealdel) for 2014-2026. Mesteparten av det føreslegne verneområdet ligg i føresegnene i kommuneplanen også innanfor omsynssone for villrein.

2. SAKSHANDSAMING

2.1 Sakshandsamingsprosessar

<i>Namn</i>	<i>Tilbod</i>	<i>Oppstart</i>	<i>Høyring</i>
Finndalstveitjuvet	30.04.2019 og 08.07.2019	29.10.2021	13.09.2023

Frist for høyringa var 10.11.2023.

Tilbod om vern kom frå fire grunneigarar via AT Skog. Ved formell oppstart på sakshandsamingsprosessen nytta Statsforvaltaren namnet Finndølajuvet-Finndalstveit på området. Språkrådet peika på at namnet Finndalstveit eller eit høveleg lokalt bruka namn burde nyttast. Statsforvaltaren endra då namnet til Finndalstveitjuvet, som er det lokalt bruka namnet.

2.2 Konsultasjon med Sametinget og reinbeitedistrikt

Ikkje relevant for denne vernesaka i Telemark.

2.3 Forholdet til utredningsinstruksen

Verneforslaget er utarbeidd i samsvar med Utredningsinstruksen. I kapittel 1 og 2 grunngjev ein for verneforslaget på overordna nivå og samanhengen med nasjonale og internasjonale mål om å ta

vare på eit utval av norsk natur blir klargjort. Vidare blir omtalt kort kva som eventuelt skjer med verneverdiane viss verna ikkje blir gjennomført og kva verkemiddel som eventuelt kan vere relevante. I kapittel 5 blir samfunnsnytta av verneforslaga vurderte på eit overordna nivå, saman med økonomiske og administrative konsekvensar. I kapittel 6 blir omtalast og vurderast generelle kommentarar og konkrete merknader til verneforslag for dei enkelte områda frå ulike partar, styresmakter og interessegrupper. Etter avvegingar mellom verneverdiane i området og andre samfunnsinteresser er det undervegs i verneprosessen gjort endringar i vernereglar og avgrensing for verneforslaget.

Gjennomføringa i samsvar med rundskriv T-2/15 om saksbehandlingsreglar ved områdevern etter naturmangfaldslova, forvaltningslova og utgreiingsinstruksen har medført inkluderande prosessar som sikrar ei vellykka gjennomføring.

Gjennom verneplanprosessen er det gjort ei avveging mellom verneinteresser og andre brukar- og samfunnsinteresser. Verneforslaget er også i størst mogleg grad tilpassa dei ulike brukarinteressene i området. Krava i naturmangfaldsloven § 14 er dermed oppfylt.

2.4 Forvaltningsmyndighet

Aktuelle kommunar skal gjennom høyringsprosessen gi tilbakemelding på om dei ønskjer å få tildelt forvaltningsmynde for nye verneområde i tråd med gjelda politikk på området. Forvaltningsmynde blir fastsett gjennom forskrifta når område blir vedteke vernet.

3. VIKTIGE ENDRINGAR UNDER BEHANDLINGA AV VERNEPLANEN

3.1 Namn

Det har under høyringa kome innspel som foreslår endring av namn for området. Sjå kapittel 2.1.

3.2 Avgrensing

Det er ikkje gjennomført endringar i avgrensing for området gjennom verneprosessen.

3.3 Verneforskriftene

Det er ikkje gjennomført endringar etter høyringa, men det blei gjennomført nokre endringar i forslaget til verneforskrifta etter innspel frå regulanten, Arendals Vasdrags- og Brugseierforening, i samband med oppstartsmeldinga. Dette fordi dei meinte at det var behov for sikringstiltak mot flaum.

4. OPPHEVING OG ENDRING AV TIDLEGERE VERNEVEDTAK

Følgjande eksisterande vernevedtak blir foreslått oppheva som følge av den nye verneplanen:

Ikkje aktuelt i denne saka.

5. FORVALTNING, ØKONOMISKE OG ADMINISTRATIVE KONSEKVENSNAR

5.1 Vurdering av samfunnsnytte og samfunnsøkonomiske konsekvensar

Området er i arealplanen til kommunen avsett til Landbruks-, natur-, friluftsliv- reindriftsområde (LNFR-område). Kartleggingar av naturverdiar i området er gjennomførte som del av verneplanprosessen. I nokre tilfelle er eksisterande data brukte som utgangspunkt for vurdering av verneverdi. Bruksinteresser er klarlagde gjennom høyring av verneforslag og annan kontakt med partar saka vedkjem.

Vernet vil avgrense dei framtidige mogleghetene for m.a. skogbruk, jordbruk, mineralutvinning regulering av vassdrag, nedbygging og anna omdisponering frå natur til andre formål. Det er elles i verneplanprosessen lagt vekt på å komme andre interesser i møte gjennom avgrensing og forskriftsutforming.

Statsforvaltaren meiner at verneforslaget slik det no ligg føre har små negative konsekvensar. Samla sett vurderer Statsforvaltaren det slik at dei samfunnsøkonomiske konsekvensane av vernet vil vere positive på sikt. Forslaget vil sikre natur som har ei positiv samfunnsnytte, sjølv om denne ikkje kan verdsetjast. Forslaget vil samtidig bidra til oppfyljing av nasjonale og internasjonale forpliktingar om å vareta naturmangfaldet. Verneforslaget vil også sikre viktige område for friluftsliv.

5.2 Forvaltningsmessige og budsjettmessige konsekvensar

Dei største kostnadene som følgje av etableringa av verneområdet vil vere utgifter til forvaltning og skjøtselstiltak for å halde oppe verneverdiar. I tillegg vil det kunne vere behov for å restaurere natur i delar av området. I samband med utarbeiding av tilrådinga har ikkje Statsforvaltaren sett behov for verken restaurering eller utarbeiding av skjøtelsesplan, men ein kan ikkje sjå bort ifrå at det kan bli aktuelt på eit seinare tidspunkt.

5.3 Avveging skogvern – skogbruk

Miljødirektoratet og Landbruksdirektoratet fekk den 1. juli 2020 i oppdrag frå Klima- og miljødepartementet og Landbruks- og matdepartementet å greie ut forvaltningstiltak knytt til skogvern og konsekvensar for avverknaden og bidraget skognæringa hadde til det grønne skiftet. I rapport M-2007-2021 har direktorata foreslått retningslinjer for avvegingar.

I oppdrag frå Klima- og miljødepartementet datert 8.11.2021 bad Klima- og miljødepartementet om at forslaget blir sett i verk, med nokre mindre justeringar. For privateigd skog skal forslaget setjast i verk for område der det blir motteke tilbod etter 1. februar 2022, og ved vern av offentleg eid grunn for område der det blir meldt oppstart frå og med same dato.

Det området som er omfatta av denne verneplanen er tilboden for frivillig vern av grunneigar før 1. februar 2022. Området blir derfor ikkje omfatta av oppdraget frå Klima- og miljødepartementet.

5.4 Forvaltningsmynde

Statsforvaltaren har i samband med høyringa ikkje fått stadfesta at Fyresdal kommune ønskjer å overta forvaltningsmynde for Finndalstveitjuvet naturreservat. Fyresdal kommune har forvaltningsmynde for andre verneområde i kommunen. Kommunen har stått på høyringslista.

6. Beskriving av området med merknader

Finndalstveitjuvet, Fyresdal kommune

Totalareal 1561 dekar.

Skogareal totalt 1529 dekar (myr er trekt frå).

Produktiv skog 1156 dekar.

Verneformål og særskilte verneverdier:

Føremålet med forskrifta er å ta vare på eit område i låglandet med stor topografisk variasjon som inneheld ein bestemt type natur i form av ei granbekkekløft med velutvikla og rik rasmark-almeskog, gamal sørboreal gran- og blandingsskog, boreal lauvskog og høgstaudegranskog. Vidare er føremålet å ta vare på eit område som har særskilt naturvitskapleg verdi på grunn av førekomstar av sjeldne og trua artar av karplantar, sopp og lav.

Teksten om verneverdier er henta frå kartleggingsrapporten som er skrive på bokmål. Statsforvaltaren har ikkje oversatt den til nynorsk.

Lokaliteten ligger i tilknytning til elva Finndøla som har utløp fra vannet Votnevatni i Fyresdalsheiane. Området omfatter en større sørvest- til nordøstgående forholdsvis skarpt avsatt skogsbekkekløft samt ovenforliggende sørvendte lisider opp mot Skardnuten. Området har fattig berggrunn og mesteparten av arealet i bekekløften dekkes av morenemateriale, mens det i de høyereliggende områdene opp fra bekekløften er bart fjell og et tynt løsmassedekke. Det er også partier med blokkmark, dels svært grov, og det er en del partier med berg i dagen. Lokaliteten ligger i mellomboreal (60%), sørboreal (30%) og nordboreal (10%) vegetasjonssone i klart oseanisk vegetasjonsseksjon.

Det er avgrenset 8 kjerneområder/naturtyperlokalteter innenfor verneforslaget og disse utgjør til sammen ca. 62% av totalarealet. Av naturtyper er det avgrenset to lokaliteter med rik edelløvsog med utforming rasmark-almeskog, begge med svært viktig verdi (A-verdi); to lokaliteter med sørboreal gran-blandingsskog, begge med verdi viktig (B-verdi); to lokaliteter med gammel lavlandsgranskog, hvorav én med lokal verdi (C-verdi) og én med verdi viktig (B-verdi); én lokalitet med naturtype rik boreal løvskog med utforming rik løvskog i rasmark, med verdi viktig (B-verdi). I tillegg er hele bekekløften avgrenset som naturtype lavlands-granbekkekløft på Østlandet med verdi svært viktig (A-verdi). Flekker med rødlistet naturtype høgstaudegranskog (NT) og større partier med frisk rik edelløvsog (NT) finnes der vegetasjonen er rik.

Foreløpig er det til sammen registrert 11 rødlistede arter, inkludert alm *Ulmus glabra* og ask *Fraxinus excelsior* (VU), hvorav én er i kategorien EN, to er i kategorien VU og 8 er i kategorien NT.

Blant annet er det registrert en rekke arter knyttet til velutviklede rike edelløvskog som almekullsopp *Hypoxylon vogesiacum* (NT), bleikdoggnål *Sclerophora pallida* (NT), kystdoggnål *Sclerophora peronella* (NT), glattvrenge *Nephroma bellum* og kystårenever *Peltigera collina*. Det er også registrert elementer knyttet til eldre boreale løvtrær samt død ved, slik som begerfingersopp *Artomyces pyxidatus*, ospebarkjuka *Oxyporus corticola*, skålfiltlav *Protopannaria pezizoides*, stiftfiltlav *Parmeliella triptophylla* og på gammel bjørkegadd ble det funnet rustdoggnål *Sclerophora coniophaea* (NT). Lungenever *Lobaria pulmonaria* ble funnet på flere gamle seljer. Det er foreløpig funnet få kontinuitetskrevede arter knyttet til gammel granskog, men svartonekjuka *Phellinus nigrolimitatus* (NT) finnes spredt i bekkekløften, og det er også funnet rynkeskinn *Phlebia centrifuga* (NT), kjøttkjuka *Leptoporus mollis*, drueskinn *Acanthophysellum lividoceruleum*, vasskjuka *Climacocystis borealis* og gammelgranskål *Pseudographis pinicola*.

Det er foreløpig registrert få typiske bekkekløftarter, men i den nordvendte lia er det for det meste et stabilt fuktig miljø med arter som sukkernål *Chaenotheca subroscida* (NT) og rimnål *Chaenothecopsis viridialba* (NT) på gran, og rødmuslingmose *Mytilia taylorii* og storstylte *Bazzania trilobata* ble funnet noen få steder. Gubbeskjegg *Alectoria sarmentosa* (NT) finnes spredt i hele den nordvendte lia. Furskogene er for det meste strukturfattige, men i et parti med forholdsvis storvokst furu og noe død ved ble pastellkjuka *Rhodonina placenta* (EN) funnet på læger av furu. På bergvegger både langs med elvestrekket og lenger opp i lisidene i bekkekløften er det registrert kravfulle arter som krusfellmose *Exsertotheca crispa* og putevrimose *Tortella tortuosa*.

Områdets største og viktigste naturkvaliteter er knyttet til den store variasjonen i ulike naturtyper innenfor et forholdsvis lite areal. Her er velutviklede rike rasmark-almeskog, rike blandingskog og rik boreal løvskog, samt at kompakt og produktiv lavlandsgranskog på middels og høy bonitet dekker forholdsvis store arealer. Deler av granskogen har også mye død ved og delvis er det humide forhold. Variasjonen i vegetasjonstyper og relativt stort innslag av rike, frodige og/eller fuktige typer bidrar til å gi området store kvaliteter. Samlet vurderes verneforslaget å inneha nasjonale skogvernkvaliteter (***)).

Avgrenset verneforslag vil kunne bidra til oppfylling av viktige mangler i skogvernet. Av mangelnaturtyper inngår gammel granskog (middels grad), alm-lindeskog (høy grad) og bekkekløft (høy grad). Dette gir høy mangeloppfyllelse på mangelnaturtyper. På de generelle manglene gjelder lavlandsskog (høy grad), høybonitetsskog (middels grad) og biologisk gammel skog (middels grad). På de generelle manglene gir dette middels mangeloppfyllelse. Også arealene utenfor kjerneområdene vil på relativt kort sikt kunne utvikle viktige verdier. Til sammen gir dette verneforslaget middels mangeloppfyllelse.

Finndalstveitjuvet ligg i nærleiken av andre verneområde kor det i hovudsak føreligg andre naturtypar. Blant desse er det og fleire område med stort samanhengande areal. Det gjeld Hæstad NR, Vikfjell NR, Mosnapp NR, Storsteinfjell NR, Brårfjell NR, Nordre Lia NR og Fugldalen NR. Det inneber at desse områda innehar ein stor variasjon av viktige naturtypar. Saman vil desse områda danne grunnlag for eit sterkt økologisk nettverk i denne delen av Telemark.

Inngrepsstatus og andre interesser:

Det er ein sti innanfor området. Elles er det eit regulera vassdrag (Finndøla), men vatnstrengen nedstraums ligg utafor det foreslegne vernearealet.

Samandrag av høyringsfråsegnene:

Verneplanen blei i tillegg til dei sentrale høyringspartane sendt på høyring til grunneigarane, Vestfold og Telemark fylkeskommune, Fyresdal kommune, Fyresdal turlag, Fyresdal Jeger og Fiskelag, Fyresdal skogeigarlag, Forum for natur og friluftsliv i Telemark, Naturvernforbundet i Telemark, NJFF Telemark (e-post), BirdLife Telemark, DNT, Telemark turistforening, Vestfold og Telemark orienteringskrets, Statens Vegvesen (e-post), Skagerak Energi, Skagerak Kraft, Vest-Telemark Kraftlag AS, Lede, Telemark Bonde- og Småbrukarlag, Telemark Bondelag, Telemark Botaniske Foreining, Telemark Sau og Geit, Arendals Vasdrags Brugseierforening, AVINOR AS, Bane NOR SF, Den Norske Turistforening, Direktoratet for mineralforvaltning, Forsvarsbygg, Friluftsrådernes Landsforbund, Institutt for biovitenskap, Universitetet i Oslo, Kommunenes sentralforbund (e-post), Landbruksdirektoratet, Luftfartstilsynet, Natur og Ungdom, Naturvernforbundet sentralt, NHO Reiseliv, Norges Bondelag, Norges Geologiske Undersøkelser (e-post), Norges Handikapforbund, Norges Idrettsforbund, Norges Jeger- og Fiskerforbund sentralt (e-post), Norges Luftsportsforbund, Norges miljø- og biovitenskapelige universitet, Norges Miljøvernforbund, Norges Orienteringsforbund, Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE), Norsk Biologforening, Norsk Bonde- og Småbrukarlag, Norsk Botanisk Foreining, Norsk Friluftsliv, Norsk institutt for bioøkonomi, Norsk institutt for naturforskning (NINA), Norsk Organisasjon for terrengsykling, Norsk Orkideforening, BirdLife Norge, Norsk Sau og Geit, Norsk Zoologisk Foreining, NSB, hovedadministrasjonen (e-post), NTNU, Fakultetet for naturvitenskap og teknologi NTNU, Ringve botaniske have (e-post), NTNU, Vitenskapsmuseet, SABIMA, Statens Kartverk, Statkraft SF, Statnett SF, Språkrådet, Universitets naturhistoriske museer og botanisk hage (e-post), Vegdirektoratet, WWF-Norge.

Det kom inn fem høyringsvar til verneforslaget. Disse følgjer som eige vedlegg. Vi har også teke med innspel frå DMF, Statkraft, Statnett og Landbruksdirektoratet i samband med oppstartsmeldinga, ettersom dei ikkje kom med innspel under høyringa.

Direktoratet for mineralforvaltning (DMF) For Finndalstveitjuvet kan ikkje DMF sjå at deira sektorområde er rørt. DMF har ingen merknadar.

Landbruksdirektoratet har gitt nokre generelle innspel som omhandlar traktorvegar og ferdselsvegar, og merking og rydding av slike, stølar/seterområde, beiting og reindrift. Landbruksdirektoratet skriv vidare at dei går ut frå at Statsforvaltarens landbruks- og reindriftsfaglege kompetanse blir involvera i utforminga av forskrift og verneplan.

Statnett kom ikkje med høyringsuttale til Finndalstveitjuvet, men dei ga uttale til oppstartsmeldinga. Der uttaler dei at dei ikkje har transmisjonsnettanlegg som blir rørt av planane, og har difor ingen merknadar.

Statkraft kom ikkje med høyringsuttale til Finndalstveitjuvet, men ga uttale til oppstartsmeldinga. Statkraft hadde ingen innvendingar til det varsla skogvernet, men ga ein eigen uttale til verneforslaget for Modalen i Tokke kommune.

BaneNor SF har kome med uttale, men har ikkje hatt merknader til verneforslaget.

Lede uttalar at dei har luftledningar i nærleiken av verneområdet, men at luftledningar og tilgang til desse ikke direkte blir ramma av verneområdet. Nettselskapet har per dags dato ingen planar for endringar eller utvidingar av nett i, eller nær ved området verneplanen beskriver.

Grunneigar Anne Karine Austad (gnr./bnr. 61/1 og 61/6) uttalar at ho ikkje kjenner til spesielle opplysningar rundt "*gruveopningar, stølar/seterbuer, jaktbuer, stigar/sleper, traktorvegar og anna som bør vere kjend i verneområdet*".

Forsvarsbygg har kome med uttale, men har ikkje hatt merknader til verneforslaget.

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) uttalar at flaum og overløp kan påverke verneområdet. AVB (Arendal Vasdrags- og Brugseierforening) er pliktig i konsesjonen til å sørge for tilsyn og gjere tiltak for å halde desse flaumoverløpa og elveleia fri for hindringar slik at de får tilstrekkeleg avleining av vatnet i flaumsituasjonar. NVE støtter AVB. NVE er positive til at verneforskrifta har føresegner som sikrar rydding og naudsynt motorferdsle i verneområdet. NVE ber Statsforvalter om å halde dialog med AVB for å ivareta deira behov. NVE gjer merksam på at VTK Nett AS, Vest-Telemark Kraftlag Nett AS (tidlegare Vest-Telemark Kraftlag AS) har områdekonsesjon i det føreslengte verneområdet. NVE har ikkje detaljere kjennskap til planar knytt til distribusjonsnett. Det er spesielt viktig at områdekonsesjonær uttalar seg om aktuelle planar. NVE ber VTK Nett AS å uttale seg sjølv i tilfelle utan konflikt. NVE er positive til at Statsforvalter har inkludert føresegn i verneforskrifta som sikrar naudsynt hogst og rydding ifb. reguleringa og varierende flaumvatnstand, samt dispensasjon for motorisert transport i samband med dette og viser til § 4k, 6d og 7i. Dei ber Statsforvalter om å vidare ha ein tett dialog med AVB angående føresegner i verneforskrifta som er naudsynte for å sikre at konsesjonsføresegnene blir ivaretatt.

Statsforvaltarens kommentarar:

Statsforvaltaren oppfattar at dei endringane ein gjorde i forskrifta ved start på verneprosess for Finndalstveitjuvet til høyringa er godteke av Arendals Vasdrags- og Brugseierforening med støtte frå NVE. Statsforvalteren la inn ei fråsegn i § 4, § 6 og § 7 i verneforskrifta i samsvar med innspelet frå NVE.

Statsforvaltaren finn ikkje grunnlag for å kommentere andre uttaler til saka.

Namn

Statsforvalteren tilrår navnet Finndalstveitjuvet som i høyringsforslaget.

Avgrensing

Statsforvalteren tilrår avgrensingen som i høyringsforslaget.

Verneforskrift

Statsforvalteren tilrår verneforskrift med nokre mindre endringar i høve til høyringsforslaget. Endringane står i kursiv i forskrifta.

Statsforvalterens tilråding:

Statsforvaltaren tilrår at området blir verna som naturreservat med vernekart i samsvar med høyringsforslaget, men med mindre endringar i forskrift.

Vedlegg:

Vedlegg 1. Forslag til vernekart for Finndalstveitjuvet i Fyresdal

Vedlegg 2. Verneforskrift

Vedlegg 3. Høringsfråsegner